

Helsereformutvalet

4. mai 2026

Sunnmøre regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund. Selskapet skal bidra til at kommunane på Sunnmøre jobbar saman for å styrke regionen sin attraktivitet og konkurransekraft.

Selskapet skal på vegne av deltakarkommunane vere ein aktiv pådrivar for å fremje regionen sine interesser overfor regionale, nasjonale og internasjonale mynde, og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv og offentlege styringsorgan. Sunnmøre regionråd skal vektlegge partnerskap mellom kommunar og næringsliv.

Innspel frå Sunnmøre regionråd

[Styret i Sunnmøre regionråd har vedtatt følgende innspel til helsereformutvalet:](#)

«Sunnmøre regionråd er opptatt av at innbyggjarane i Møre og Romsdal skal få eit likeverdig tilbud om spesialisthelsetenester som resten av landet. Vi opplever at dagens organisering av spesialisthelsetenestene gjennom regionale helseføretak gir sterk byråkratisk makt og styring og bidreg til sentralisering av sjukehusstilbod og økonomi. Modellen med regionale helseføretak går for langt i at spørsmål som grunnleggjande sett er politiske eller som handlar om fagleg kvalitet blir avgjort av byråkrati som styrer etter eigen regional inntektsfordelingsmodell og eige skjøn.

Sunnmøre regionråd foreslår å legge ned dei fire regionale helseføretaka og la staten ved Helse- og omsorgsdepartementet eller Helsedirektoratet overta rolla deira. Staten vil slik kunne ta eit meir direkte ansvar for spesialisthelsetenestene og sjå til at tilbodet blir likeverdig i heile landet.

Gjennomføring av nasjonal helsepolitikk vil kunne forenklast med ein enklare styringsstruktur. I 2011 vart det gjennomført ei samanslåing av dei to helseføretaka i Møre og Romsdal til eitt felles helseføretak, ein helseregion i miniatyr med dagens tre sjukehus og eitt distriktsmedisinsk senter. Dette reiser i seg sjølv spørsmål om behovet for eit regionalt helseføretak med base i Trøndelag som eit mellomledd mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Møre og Romsdal.

Lokaldemokratisk kontroll kan ivaretakast gjennom at folkevalde frå opptaksområda for dei lokale helseføretaka blir representert i styra for dei lokale helseføretaka.

Sunnmøre regionråd meiner at framtidig finansieringsmodell for helseføretaka må skilje mellom investering og drift. Rammefinansiering må utgjere hovuddelen av helseføretaka sine inntekter.

Det må leggest opp til å styrke eit likeverdig samarbeid mellom spesialisthelsetenestene og kommunane sine helse- og omsorgstenester om planlegging knytt til tenestene og pasientane.»

Kopi: Mørebenken

Med helsing

Kenneth Langvatn (sign.),
styreleiar

Sverre Øvreid Steen (sign.),
dagleg leiar